



ÅRSMELDING 2018

ÅRSMELDING IL JOTUN Symjegruppa

For perioden
1. januar til 31. desember 2018

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



1. Styret si samansetjing

- Leiar Ingeborg Hjelle
- Styremedlem Endre Røyrvik
- Kasserar Tor Arne Fagerli
- Styremedlem Janne Jevnaker

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Ingeborg Hjelle har vore kontaktperson mot Allidrett
- Ingeborg Hjelle har sete i Sportsutvalet

3. Møter

- 1 årsmøte.
- 3 styremøte, 2 foreldremøter, trenarmøter.
- Juleavslutning.
- Årdalsstemne, kretsstemne i friluftsbadet.
- 2 klubbstemner i Årdalshallen.
- Tur til Lustrabadet.
- Dugnadar; vask av symjebasseng, lynlotteri, symjeopplæring/tilvenjing til 70 flykningar i regi av UDI i løpet av sommaren, fjerning av Kjempespringfrø i Fardalen (heile sommaren) Årdal Kommune
- Møter i hovudstyret.
- Møter i Symjekrinsen
- Treningar : Symjegruppa har arrangert fem treningar i veka der den eine er for aldersgruppa 9 år til 11 år. Det har vore 10-25 aktive på kvar trening. I sommar hadde me tilbod om treningar i utebassenget. I sommar hadde og ei mastergruppe trening i utebassenget ein gong i veka. Utøvarane har og morgontrening, men på slutten av året var det få som stilte.
- Symjegruppa har stilt trenarar på Allidretten til 3. og 4. klasse. 16 4-klassingar tok symjeknappen i mars.

4. Saker

- Arrangerte kretsstemne i friluftsbadet.
- Arrangert klubbstemner i Årdalshallen.
- Arrangerte tur til Lustrabadet.
- Arrangert krinsdommarkurs.
- Arrangerte juleavslutning.
- Innkjøp diverse symjeutstyr, samt vendeflagg og diverse utstyr til kretsstemne. Innkjøp av Victoria påmeldingsprogram til stemner.
- Dugnadar (vask symjebasseng, lynlotteri, symjeopplæring UDI, fjerning av kjempespringfrø i Fardalen).
- Organisering til symjestemna og treningssamlingane med Symjekrinsen..
- Treningssamling med Moss Symjeklubb i friluftsbassenget.
- Me har hatt kakao og eller saft etter tre treningar.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



5. Medlemstal

- Totalt 72
- 20 utøvarar mellom 9-11år
- 22 utøvarar mellom 12-16år
- 30 medlemmer 17 år og eldre

6. Utdanning

- Ruth Laberg, kretsdommar
- Linda Gildseth, kretsdommar
- Gunnar Nyhus, kretsdommar
- Joakim Fagerli, kretsdommar
- Ingeborg Hjelle, kretsdommar

7. Særforbund

- Norges Svømmeforbund

8. Konkurransar –Stemner – turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar	Øvingar
10-11.03.2018	Vårduppen på Eid	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt 11 deltok	800, 100 og 50 m fri, 200, 100 og 50 m bryst, 50 og 100 m butter fly, 200 m medley og stafett. Rekruttane i tillegg; 25 m rygg, 25 m bryst og 25 m fri.
02-03.06.2018	Stemne i Førde	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt 10 deltok	100 og 50 m fri, 100 og 50 m bryst, 100 m medley, mixstafett og fri stafett junior. I tillegg rekrutt; 25 m fri og 25 m bryst.
23-24.06.2018	Årdalsstemnet	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt 18 deltok	800, 200, 100 og 50 m fri, 200, 100 og 50 m bryst, 100 og 50 m rygg, 200 m medley, 50 m butter fly, stafett; 100 m fri, 100 m fri mix og 100 m medley.
10-11.11.2018	Hauastemne på Eid	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt 10 deltok	Som over, minus 800 m fri og 200 m butterfly. Stafett 50 m fri.
25.11.2018	Stemne på Gol, Hallingsvøm	Deltakar i konkurranse 6 deltok	100 og 50 m fri, 200 og 50 m bryst, 100 m medley.
5-7.01.2018	Oppstartssamling på Eid i regi av krinsen	Tomine Jevnaker	
Veke 32.2018	Sommarsamling i regi av krinsen på Eid	Tomine Jevnaker	



På klubbstemnet i januar deltok 23 symjarar, og i november 18 deltakarar.

Klubben har totalt fått 34 gullmedaljar, 2 sølvmedaljar, 2 bronsemedaljar og ein tredjeplass i stafett 4x50 fri junior. Dette året har symjarane prøvd seg på stadig nye øvingar og distansar, og dei fleste har sett nye personlege rekordar!

9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2018 : 303238.
- Resultat 2018 (KR) : Overskot 81530.
- Budsjett 2019 (KR) : 12700.
- Har motteke kr. 4000 frå Årdal Kjemiske og 43 000 kr. frå Gåveinstituttet Indre Sogn Sparebank. 23300 kr av dette blei utbetalt i 2018.
- I samband med Årdalsstemnet 2018 mottok me 20000 kr. frå Sparebankstiftinga og 5000 kr. frå Hydro. Sparebanken Indre Sogn bidrog med materiell, Årdalsnett med nettilknytning og Skrivargarden med opptrykking.
- Symjegruppa har ingen eigen sponsor, men motteke del av midlar frå hovudsponsorane.

10. Anlegg & Utstyr

Symjegruppa trenar i Årdalshallen. Bassenget er greitt, og kommunen har vore imøtekomande. Me ynskjer å få på plass vogner til banedelarane, slik at det blir enklare å ta dei ut og rydde oppatt etter kvar trening. Dessutan blir det ryddigare rundt bassenget. Vonar me og kan få eit eige rom ved bassenget, der me kan oppbevare utstyret vårt. Me har fått plass til ei kasse, men ho blir ikkje stor nok. I dag opplever me at utstyret blir brukt og dessverre øydelagt av andre.

Stupetårnet er reparert og kan brukast att. Det er flott.

Dette året stengde symjebassenget berre tre veker før utebassenget opnar. Det sette me stor pris på. Utebassenget er prega av gamal og sliten duk. Fornyng av denne er blitt sett på budsjettet gong etter gong, for så og bli fjerna att. Me vonar dette let seg gjennomføre snart. Under forberetingane til kretsstemne såg me og at ein del av utstyret, som fester langs bassengkanten, stolpar til vendeflagga, murstein rundt bassenget og anna er blitt gamalt. Me vonar kommunen kan ta tak i dette til neste stemne. Me vil takke kommunen for samarbeidet, der auka aktivitet i bassenget er eit felles mål.

Ser me framover, er flyttbare startpallar noko me kunne ynskje oss. Dei kunne då brukast både inne og ute. I tillegg er tidtakarsystem aktuelt, men det er svært dyrt og krev langsiktig planlegging.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



11. Oppgåver i året som kjem

- Auka rekruttering, og prøve å behalda dei eldste, både frå Øvre og frå Årdalstangen.
- Arrangere fleire stemner som igjen bidreg til auka rekruttering, inklusiv kretsstemne i utebassenget.
- Gjennomføre symjeopplæring/vatntilvenjings kurs i regi av Farnes Skule.
- Treningssamlingar med Symjekrinsen.
- Reise på fleire stemner.
- Vidareføre oppfølging Allidretten, gjennomføre symjeknappar.
- Prøve å få kommunen til å få jobba med banevogner og reperasjonar på utebassenget.
- Utdanne og vidareutdanne trenarar, livreddarar og dommarar.
- Få eige rom til utstyret vårt i innebassenget.
- Innkjøp av naudsynleg symjeutstyr.
- Dugadar.
- Sportsplan.

12. Eksterne verv – representasjon

- Ingeborg Hjelle, styret i Symjekrinsen Sogn og Fjordane.

Tusen takk til trenarane Kurt Jevnaker, Anita Laberg Øvstetun, Ruth Laberg og Cecilie Brun for den flotte jobben dei gjer med symjarane våre! Takk også til kretsdommarane våre, som stiller på stemner rundt om i fylket! Me vil og framheve den gode dugnadsanda som er i klubben, og alle som hjalp oss med å gjennomføre Årdalsstemnet 2018. Me er so takknemlege!
Øvre Årdal 10.02.2019

Leiar
Ingeborg Hjelle

Styremedlem
Endre Røyrvik

Kasserar
Tor Arne Fagerli

Styremedlem
Janne Jevnaker

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308

